

Motsegner og merknader ved 2. gongs høring av kommunedelplan Fossbergom – statlege og regionale planmyndigheiter:

(samandrag/ redigert og nedkorta)

Direktoratet for mineralforvaltning, 05.10.2017

DMF har ikkje anna tilbakemelding til planframlegget enn at også uttak av grus i elv omfattas av minerallova. Tillating etter anna lovverk må og være avklart før uttak kan settast i gang.

NVE, 10.10.2017

NVE har motsegn til planen pga. manglar i høve til krav i byggteknisk føresegn om flaumsikring. NVE krev at følgjande tillegg (i *kursiv* tekst) blir teke inn i planføresegna punkt 5.3 c:

Ved oppføring av nye bygningar over 50 m² BYA og andre konstruksjonar/ søknadspliktige tiltak skal byggegrunnen fyllast opp til minimum kote 365,66 moh, alternativt må bygningen/ konstruksjonen vere utført slik at den tålar å bli sett under vatn. til dette nivået **og skader unngås. Tilfredsstillende sikkerhet kan ikke oppnås med beredskapsmessige sikringstiltak.** Føresegna gjeld også tilbygg over 50 m² til eksisterande bygg.

Vidare føreset NVE at tidlegare merknader/spørsmål til Hydrateam sin rapport er teke omsyn til. *Merknad frå saksbehandlar: dette er avklart i dialog med Hydrateam desember 2016.*

Fylkesmannen i Oppland, 16.10.2017

Fylkesmannen i Oppland har motsegn til planframlegget på følgjande 4 punkt:

1. For område BAB1 (Presthaugen), som er registrert som *svært viktig naturtype; tørr kalkfuruskog*; krev Fylkesmannen følgjande **tillegg i planføresegna punkt 4.2.6 d):**

Det skal ikkje oppførast nye bygningar på areal som er viktig for å ta vare på kalkskogen som naturtype og artsmangfaldet knytt til denne. Ved utarbeiding av skjøtselsplan skal det nyttast relevant naturfagleg kompetanse for å gjennomføre slik vurdering i planen for hogst og skjøtsel

2. For område BF_2 og BF_3 (Kulihaugen) krev Fylkesmannen at det blir teke inn **planføresegner som sikrar tett utbygging**, dvs. minimum 3 - 4 bueiningar/daa. Fylkesmannen meiner at når dyrka jord på sentrumsnære areal som på Kulihaugen vert lagt ut til andre arealføremål må ein ha ei vesentleg høgare arealutnytting enn einebustader.

I den reviderte planskildringa er det opplyst at det i perioden 2014 – 2016 er godkjent 23 nye einebustader i Lom og at 16 av desse var i sentrum. I tillegg var det godkjent to tomannsbustader. Åra 2014 – 2016 er i følgje Fylkesmannen ein kort periode som grunnlag for å vurdere behovet for nye bustader framover. Det er heller ikkje gjort noko vurdering av kor mange bueiningar som kan byggjast i dei kombinerte områda BKB_F1 – BKBF_3. (i industriområdet) Dette er svært store areal, så dei aleine kan, i følgje Fylkesmannen, dekkje behovet for all bustadbygging i Lom for lang tid. Når det er så mykje areal tilgjengeleg for bustadbygging gjer det at arealutnyttinga lett blir for dårleg.

3. Ved første gongs høyring hadde Fylkesmannen motsegn til planen på grunn av manglande vurdering av overvatn i ROS-analysen og manglande føresegn for overvatn og flaum. Utgreiinga av flaum er no tilfredsstillande i ROS-analysen og det er teke inn føresegn om flaum i planføresegnene. Men det er framleis ikkje gjennomført tilstrekkelege utgreiingar og klargjeringar i planen når det gjeld handtering av lokalt overvatn i ROS-analysen eller i planføresegnene. Fylkesmannen har derfor framleis motsegn til planen inntil følgjande manglar er retta opp:

- **ROS-analysen manglar vurdering av handtering av lokalt overvatn.**
- **Planføresegnene manglar føresegn for overvatn**

4. Nytt til andre gongs høyring er at kommunen ønskjer å leggje ut store delar av prestegardsjordet til andre føremål enn dyrka jord. Den føreslegne endringa av planføresmål frå landbruk til parkering, bussterminal og utviding av kyrkjegarden fører til at nær 8 daa blir direkte omdisponert. Dei resterande ca. 8 daa med dyrka jord får ei slik arrondering og storleik at det vil vere vanskeleg å oppretthalde det som dyrka jord. Verknaden for dyrka jorda er difor meir omfattande enn dei 8 daa som vert direkte endra frå dyrka jord til anna føremål, ein må leggje til grunn at alt arealet, ca. 16 daa, på sikt vil verte brukt til andre føremål enn jordbruksproduksjon.

Fylkesmannen ser at det for kontakten mellom sentrum og kyrkja kan vera eit godt grep å redusere parkeringsarealet mellom kyrkja og rv 15 øst for Loar-bygget og meiner det er positivt at kommunen tar opp dette. For parkeringsføreålet og bussterminal er det sett på ulike løysingar, men ut frå det arealbehovet som er lagt til grunn, har ein berre funne plass på prestegardsjordet. Fylkesmannen meiner at det er mogleg å finne andre løysningar enn å gå på dyrka jorda. Ein må ikkje ha all parkering både for bil, bubil, campingvogn og turbussar på same område, og ein må i større grad kunne nytte eksisterande parkeringsområde og areal som er lite utnytta som for eksempel på vestsida av rv 15 ved ungdomsskulen og tunet på prestegarden. Ein kan ikkje leggje opp til å ha så mykje parkeringsareal nært sentrum at det skal dekkje behovet i turisttoppane.

Når det gjeld utviding av gravplassen må ein både sjå på andre alternativ rundt kyrkja, for eksempel sørøver, og eventuelt vurdere ein gravplass på eit heilt anna område. Ein må også sjå på kva ein kan gjere for å redusere arealbehovet, til dømes ved å auke talet med urnegraver i høve til kistegraver.

Planen legg opp til eit betydeleg forbruk av dyrka jord gjennom å leggje ut dyrka mark til andre arealformål. Fylkesmannen meiner at dette ikkje er i tråd med nasjonal jordvernstrategi, og **har motsegn til at deler av prestegardsjordet vert lagt ut til parkering, bussterminal og utviding av kyrkjegarden.**

Generelt om jordvern:

I desember 2015 behandla Stortinget nasjonal jordvernstrategi. Stortinget fastsette der eit mål om at den årlege endringa av dyrka jord til andre føremål skulle være mindre enn 4000 daa/år innan 2020. Dette svarar til ca. 200 daa/år i Oppland. Ut frå dette meiner Fylkesmannen at endra bruk av dyrka jord og arealutnytting må vurderast strengare enn det som er gjort tidlegare (ved 1. gongs høyring).

Fylkesmannen viser vidare til at ved forslag om omdisponering av dyrka /dyrkbare jord, bør potensiale for fortetting og transformasjon vere kartlagt og utnytta før nye utbyggingsområde blir teke i bruk. Vidare bør det leggest særleg vekt på høg arealutnytting i tettstader og rundt kollektivknutepunkt

Andre merknader:

I uttalen til 1. gongs høyring bad Fylkesmannen bad kommunen om å ta ut nytt område for næring (BN F1) - dette næringsarealet ligg framleis inne i planforslaget. Fylkesmannen presiserer at dette området har ein viktig nøkkelfunksjon som korridor for dyre- og planteliv mellom Åsjo naturreservat og Ottavassdraget. Utan ein slik velfungerande korridor vil det heilskaplege økosystemet som Åsjo og

Ottavassdraget utgjer i dette området, miste mykje av sin verdi. Verdien av Åsjo naturreservat vil også bli redusert. Naturreservatet vil i enda større grad bli som ei «øy» i eit fragmentert landskap og økosystem. Førekomsten av elvesandjeger (sterkt truga på den norske raudlista) i nærleiken av det planlagde utbyggingsarealet er ein rest av det som truleg var ein større bestand og som hadde naturlege sandflater i eit dynamisk elvedelta. Dette arealet vil ytterlegare miste noko av sin verdi ved ei utbygging som planen viser. Elvesandjeger er ein art som Nord-Gudbrandsdal har eit særleg nasjonalt ansvar for å ta vare på. På bakgrunn av det aktuelle arealet sine økosystemfunksjonar og auka kunnskap om dette samt førekomsten av artar i området, ber Fylkesmannen på nytt om at BN F1 tas ut av planen. Ved utarbeiding av ein eventuell reguleringsplan for området vil det bli stilt krav om ei høvesvis brei buffersone mellom Åsjo naturreservat og utbygd næringsareal.

Fylkesmannen hadde ved første gongs høyring ei oppmoding om krav til meir effektiv arealutnytting også for næringsområda, m.a. ved bruk av rekkjefølgjekrav for utbygginga. Denne oppmodinga står fortsatt ved lag – i det minste som ei generell føring under kap. 4.2. i planføresegnene.

Sentrumsavgrensing

I tråd med føringar i regional plan for attraktive byar og tettstader er sentrumsavgrensing av Fossbergom drøfta og vist ved andre gongs høyring. Fylkesmannen kan ikkje sjå at denne ligg inne i plankartet og ber om at dette blir vurdert med tenleg SOSI-kode. *Merknad frå saksbehandlar: Indre sentrumssone ligg inne som bestemmelsessone i plankart og teiknforklaring.* Fylkesmannen tar kommunen sine vurderingar til orientering, og registrerer at framlegg til avgrensing i all hovudsak ligg innanfor rammene i regional planføresegn. Ingen vesentlege merknader til avgrensinga, men ber kommunen syte for ei ekstra høg arealutnytting innanfor sentrumsavgrensinga.

Bruk av omsynssone på plankartet

I plankartet er det vist omsynssone 910 *Reguleringsplan skal framleis gjelde*. Fylkesmannen peikar på at når denne sona er lagt på kartet kan kartet ikkje vise andre føremål enn det som ligg i reguleringsplanen, da kan for eksempel ikkje kommuneplankartet vise bustadformål for Kulihaugen. Dersom kommunen ønskjer å vise eit anna arealføremål i kommuneplanen enn det som er i reguleringsplanen kan ein ikkje bruke omsynssone 910.

Statens vegvesen, 17.10.2017

Statens vegvesen har ingen motsegner til planforslaget.

Merknader: Indre sentrumssone

Avstanden mellom ny plassering av kollektivknutepunkt og områda i Gjeisarhaugen blir noko større enn det som går fram av retningslinene i regional plan (maks 500 m), men Vegvesenet meiner likevel avgrensinga av indre sentrumssone er fornuftig.

Flytting av parkeringsplass ved Lom stavkyrkje

Statens vegvesen er positive til framlegget om å flytte parkeringsplassen og etablere grøntområde framfor stavkyrkja, særleg med tanke på trafikktryggleik og moglegheita til å skilja gåande og køyrande. Det er ein føresetnad at dagens avkøyring frå rv. 15 blir tilkomst til parkeringsplassen. Dagens avkøyring ligg i 40-sone med lågt fartsnivå, og er ein naturleg og etablert tilkomst til kyrkja. Kommunen bør i detaljplanlegginga sjå på heilskapen i køyre- og parkeringsmønsteret rundt stavkyrkja, også når det gjeld tilkomst til ev. kyrkjelydshus på nordsida av kyrkja, og prioritere gode løysingar for mjuke trafikantar.

Det er og positivt at ny parkeringsplass er planlagt tilrettelagt for levering og henting av ungar til barneskulen, som har gangavstand på ca. 225 m langs gang- og sykkelveg med undergang under rv. 15. Denne løysinga kan i følgje kommunen erstatte henting/levering i Brubakken (kommunal veg), der det i dag er ein kaotisk trafikksituasjon.

Ny lokalisering av Lom kollektivterminal

Statens vegvesen har planlagt utbetring av eksisterande kollektivterminal, ein detaljering av gjeldande reguleringsplan. Planen vart vedteken i 2016, og legg til rette for enkel utbetring av terminalen. Det vil bli noko mindre areal til parkering, og utbetring av tre bussoppstillingsplassar samt ein parkeringsplass for buss. Vegvesenet har brukt planleggingsmiddel på eksisterande løysing. Rv. 15 Kollektivterminal Lom har ligge inne i NTP Handlingsprogram for riksvegar utan å få midlar over statsbudsjettet i 2017. NTP for kommande periode 2018 – 2021(23) er no ute på høyring, der tiltaket med eksisterande plassering er prioritert i 2022.

Vegvesenet si vurdering er at dagens kollektivterminal ligg sentralt og er lett tilgjengeleg med om lag 150 m gangavstand til sentrum/rundkøyringa på rv. 15. Nytt framlegg til plassering ligg i akseptabel gangavstand frå sentrum, ca. 300 m, men ikkje like sentralt. Flytting av kollektivterminalen betyr dessutan eit anna tiltak enn det Vegvesenet har planlagt, og har ikkje føresett meir planleggingsmidlar til eit nytt tiltak. Statens vegvesen vil ikkje gå imot framlegget, men understreke at for kommunen betyr framlegget om ny plassering av kollektivterminalen ei større uvisse knytt til både planleggingsmidlar og finansiering gjennom NTP.

Etterlyser utgreiing av behovet for ein haldeplass i sentrum som ein konsekvens av flytting av kollektivterminalen. Vegvesenet ber om at det blir teke inn i planføresegnene at slik utgreiing skal skje gjennom seinare arbeid med reguleringsplan.

Parkering

Statens vegvesen støtter kommunens vurdering om at det er god nok parkeringskapasitet i sentrum, og ser det som uheldig at det likevel blir lagt til rette for overflateparkering på området for dagens kollektivterminal. Dette er dårleg arealutnytting av eit sentralt areal.

Støy

Støysoner langs riks- og fylkesvegar er lagt inn som omsynssoner i plankartet. Etterlyser krav i reguleringsføresegnene om at det ikkje blir tillate ny utbygging med støyfølsamt bruksformål i raud støysoner. Vidare at det i gul støysoner ikkje blir tillate ny utbygging med mindre det blir utarbeidd støyfagleg utgreiing og sikra tiltak mot støy i samsvar med grenseverdiane i støyretningslina.

Framtidig trasé for rv. 15 gjennom sentrum

Vegtraséen er vidareført frå gjeldande kommunedelplan, etter Statens vegvesen si tilråding med referanse til NA-rundskriv 2015/5, der det kjem fram at riksvegar skal leggast utanom byar og tettstader så langt som råd. Eit anna moment for å behalde vegtraséen i kommunedelplanen er det pågåande arbeidet med utgreiing av nye tunellar på rv. 15 over Strynefjellet. Tiltaket ligg ikkje inne i framlegg til NTP Handlingsprogram for riksvegar 2018-2023.

Tekniske merknader til planen (telefonsamtale 12.10.2017)

- Tabell som syner byggegrensar og haldningsklassar for avkøyrslar må inn i planføresegnene kap. 4.3, vegnummer og funksjonsklasse må i tillegg inn på sjølv plankartet
- Gang- og sykkelvegar – både eksisterande og framtidig – må visast i plankartet.

Oppland fylkeskommune/ Riksantikvaren 21.11.2017 (utsatt frist)

Oppland fylkeskommune har motsegn til forslaget om ny plassering av parkeringsplass ved kyrkja, kollektivterminal og utviding av kyrkjegarden. Motsegna er grunngjeven i at forslaget er i konflikt med nasjonale kulturminneinteresser, jamfør kulturminnelova.

Frå Riksantikvaren sin uttale til dette punktet i planen:

Tiltak som vert planlagd nær kyrkja og kyrkjegarden må ikkje skjemma kulturminnet på ein utilbørleg måte. Det er særst viktig at kulturminnet framleis kan opplevast uforstyrra i landskapet, at det beheld den noverande avgrensinga, og at moderne inngrep underordnar seg kyrkjestaden. Det er også viktig å ta vare på sambandet mellom kyrkjestaden og den opphavlege prestegarden. I dag er den dyrka marka mellom kyrkjestaden og prestegarden eit viktig samband som fortel om nærleiken mellom kyrkja og prestegarden, og om det gamle jordbrukslandskapet som var eit viktig grunnlag for at Lom kunne få ei så flott kyrkje.

Riksantikvaren har forståing for at ein treng å løyse trafikk- og parkeringssituasjon for bilar, rutebussar og turistbussar på betre måtar enn det ein no har i Lom sentrum. Men naboskapet til kyrkjestaden gjer den valde plasseringa ueigna for eit slikt føremål. Både store asfaltareal, bilar og bussar er element som verkar framande og forstyrrande på opplevinga av eit sårbart historisk miljø som ein mellomalderkyrkjestad er. Og dette gjeld også om dette vert flytt frå området framfor stavkyrkja til området vest for kyrkjestaden.

Mellomalderkyrkjegardar var små samanlikna med dei fleste kyrkjegardane i nyare tid. Stavkyrkja og kyrkjegarden må sjåast i samanheng, som ein heilskap. Kyrkjegarden er stavkyrkja sin historiske og naudsynte kontekst. Sjølv om kyrkjegarden har vorte noko utvida sidan mellomalderen, er det avgjerande for opplevinga av den historiske kyrkjestaden i landskapet at ein opprettheld den noverande avgrensinga, som framleis dannar eit nokså intimt rom kring kyrkja. Ei utviding av kyrkjegarden mot vest vil gje ei monaleg svekking av den heilskaplege kyrkjestaden sin kulturminneverdi.

Konklusjon

Riksantikvaren meiner at parkeringsarealet og busstasjonen og utvidinga av kyrkjegarden som er planlagd vest for kyrkjestaden vil vere utilbørleg skjemmande for kyrkjestaden, og i strid med dei nasjonale kulturminneinteressene som er knytt til Lom stavkyrkje med kyrkjegard. Dei planlagde tiltaka, vil slik dei no ligg føre, også krevje dispensasjon frå føresegnene i kulturminnelova. Riksantikvaren bed, i samsvar med Forskrift om faglig ansvarsfordeling m.v. etter kulturminneloven, Oppland fylkeskommune reise motsegn til denne delen av kommunedelplan for Fossbergom. Om fylkeskommunen etter ei vurdering finn å ikkje ville reise motsegn, må saka sendast til Riksantikvaren slik at vi kan ta over og reise motsegn på sjølvstendig grunnlag.

Vidare meiner fylkeskommunen at dagens utfordringar pga. konflikt mellom turisttrafikk og kyrkjelege handlingar vil bli enda større dersom turistparkering og bussterminal blir flytta til vestsida av kyrkja, inntil ein utvida kyrkjegard.

Fylkeskommen viser til området ved ungdomsskulen (BOP_3) eller parkeringsplassen vest for Coop og Klokkargardtomba (BS_2) som moglege alternative plassering av bussterminalen.

Fylkeskommunen etterlyser også ein alternativvurdering for plassering av ny/ utvida kyrkjegard, og ei utgreiing av kor mange gravplassar det vil vere snakk om, sett i eit lengre tidsperspektiv.

Omsynssone for bevaring av kulturmiljø ved Lom stavkyrkje:

I følgje fylkeskommunen har denne for snever avgrensing i høyringsforslaget, og bør utvidast.

Fylkeskommunen foreslår ei omsynssona som omfattar gamle Loar, Drenjestugu, Steinfjose, ungdomsskulen, tunet på prestegarden, søre del av Utgard og til og med flaumforbygginga på austsida av Bøvre. Vidare at følgjande tillegg blir teke inn i retningslinene til omsynssona:

«Alle tiltak skal forelegges kulturminnemyndigheten, jf. rundskriv T-3/2000. All bygging nærmere kirken enn 60 meter er forbudt etter kirkeloven § 21 femte ledd, uten tillatelse fra biskopen. Ved all planlegging av tiltak i kirkens nære omgivelser skal det tas hensyn til kirkens plassering og virkning i landskapet. Alle saker som angår kirker skal behandles av kirkelig myndighet etter kirkeloven».

Freda bygningar:

I tillegg til kyrkja er tre bygningar på Presthaugen, Storstabburet, ein bygning i tunet på Skjæsar og telefonkiosken i sentrum freda, og skal visast med eigne omsynssoner i plankartet

Bustader:

Fylkeskommunen meiner det er positivt at det blir opna for bustader i 2. etasje på forretningsbygg i sentrum, men at kravet om 1,5 parkeringsplass pr. bueining i sentrumsområdet bør senkast til 0,7 - 1

Før utbygging av bustader i næringsområde BKB_F1 (og BKB_F2 – F3?), dvs. øvre del av industriområdet bør det setjast krav til områderegulering for å sikre ein god infrastruktur og grøntstruktur.

Kulihaugen (B_F2 og B_F3) er etter fylkeskommunen sitt syn godt egna som bustadområde, men det bør setjast konkrete krav til høg utnyttingsgrad, samt at dagens bruk av gangsti og akebakke blir sikra

Parkering:

Fylkeskommunen meiner som nemnt over at etablering av ny parkeringsplass vest for kyrkja er uheldig, og ber Lom kommune sjå samla på alt parkeringsbehov i Fossbergom for å finne gode framtidsette løysingar. Dette kan vere betre skilting av parkering i turistsesong, parkeringshus m.m. og bør også omfatte plassering av bussterminalen. Fylkeskommunen kan bidra med rådgjeving.

Grøntareal:

Fylkeskommunen meiner det er positivt at siktaksen mot kyrkja er foreslått opna ved at dagens parkeringsplass på kyrkjevollen blir gjort om til grøntareal. Det bør likevel setjast av plass til noko parkering for personbiler og for på- og avstiging for at det fortsatt skal vere god tilgjenge til kyrkja. Fylkeskommunen ber kommunen innarbeide planføresegner som sikrar at opparbeiding av grøntarealet her blir gjennomført i ein tidleg fase av sentrumsutviklinga.

Framtidig hovedveg (Rv15):

Flytting av Rv 15 vil ha store konsekvensar for Fossbergom som tettstad. Fylkeskommunen meiner det bør setjast i gang eit analysearbeid med målsetjing om å avklare spørsmålet om det skal etablerast ein framtidig omkjøringsveg utanom sentrum.

Indre sentrumssone:

I fylkesrådmannen si innstilling til uttale blir Lom kommune bedt om å justere avgrensing for indre sentrumssone i industriområdet til Stupulvegen og Liavegen. Dette ut frå ei grunngjeving om at arealet til Nordal turistsenter først bør omdisponerast for sentrumsutvikling før det blir opna for sentrumsformål lenger ut frå sentrumskjernen. Dette punktet vart stroke ved fylkesutvalet sin behandling av høyringsuttalen.

Merknader frå organisasjonar/ privatpersonar lokalt:

(samandrag/ redigert og nedkorta)

Jorunn Kvale, 21.09.2017

Lom sentrum er etterkvart meir og meir eineståande i sitt slag i landet vårt, må utviklast med stor varsemnd for den gamle byggjeskikken som bygda har teke godt vare på. Takka vere at vi tidleg hadde eit strengt bygningsråd med folk som allereie da såg verdien i "gamlebyen" og at lomsarkitekten Torbjørn Fjeldstad fekk teikna dei fleste nybygga her, fekk Lom sentrum eit harmonisk uttrykk i byggjeskikken som vart lagt merke til og godt omtykt. Jmfr. prisar og rosande omtale. Blir staden omtala som "stivna" sjølv om Fjeldstad brukte utstikk på alle saltaka sine? Er t.d. Fossberg "stivna" sjølv om det har berre saltak med utstikk? Storleik, farge, saltak/vinkeltak med utstikk i gavl og på langsider, men slett ikkje berre fjordungsrøste og torvtak! Med slike "stivna" hus kan overraskinga ved å koma inn i huset vera desto større, for inne er ingen restriksjonar. Og så kan folk ta seg ein tur uttafor sentrum, t.d. til fjells, og finna topp signalbygg i bygda, truleg "i pakt med tida og med nødvendig arkitektonisk kvalitet". Dette sitatet er eit tøyeleg, rundt og glatt politisk uttrykk! Kva tyder det egentleg? Med klåre, eintydige formuleringar i regelverket er det lettare å styra utviklinga. Kanskje skulle det ha vore spesielle reglar for Bergom? Bygget som vart ferdig i juni 2017 tyder på at politikarane no er på tur til å sleppa taket på styringa av korleis eit nybygg på Bergom skal sjå ut.

Lom Eldreråd v/ Sigmund Bråtet, 27.09.2017

Vi som har levd ei stund hugsar godt at frå nokre år attende måtte alle nybygg i Lom ha takutstikk og vindskier, nybygg som ikkje hadde dette vart stoppa i bygningsrådet. Der er derfor uforståeleg når administrasjonssjefen seier at sitat: «ingen av dei vedtekne reguleringsplanane i og omkring sentrum set krav om takutstikk eller vindskier». Det er da grunn til å spørja: var påbodet om takutstikk/ vindskier den gongen «teke ut av lause lufta»?

Brimibue:

Bygget som er oppkome midt i Lom sentrum hadde faktisk vore mykje penare og gått betre inn i miljøet på Fossbergom dersom desse krava hadde vore til stades. Det er lett å få på vindskier på bygget dersom det blir reist krav om det. Bygget, slik som det står vil sjølvstekt setja føringar for nybygg i og ved sentrum.

Parkeringsplass:

Det er utarbeidd 4 alternativ A, B, C og D der dei to fyrste er funne uaktuelle og vraka. Alternativ D er vurdert som det klart beste, noko som eldrerådet er einige i med visse merknader: Gjer ikkje om kyrkjevollen til eit stort grøntområde! Konsekvensen av det må snart bli ein gartner tilsett på heiltid i Lom. På Bergom står det mange bed med busker og roser av ymse slag frå før som veks ned av ugras. Dette ser ikkje bra ut i «nasjonalparklandsby». Det vi har mest bruk for på kyrkjevollen er parkering. Dersom ny parkeringsplass dekker behovet for ny bussterminal, bubilar, campingvogner og trailarar kan ein behalda kyrkjevollen til parkering for privatbilar. På kyrkjevollen er det etter vår meining bra med grønt som det er.

Ved gravferder sommarstid er det uverdige at folk som skal i kyrkja blir henviste til parkering bak Steinfjosest fordi kyrkjevollen er full av turistar og biler. Helst må kyrkjevollen stengjast for turistar ved gravferder inntil gravferda er over. Lomskyrkja er ei brukskyrkje, vi har ingor anna, og det kyrkjelege må prioriterast framfor turistar.

Rolf Vegard Sandviken har i Fjuken 6. juli 2017 «spenstige» synspunkt på ein del ting som gjeld parkering og parkeringsplassar i og ved sentrum. Mellom anna luftar han tanken om eit parkeringshus som absolutt har noko for seg. Der treng ein ikkje det store arealet som ein

parkeringsplass må ha og bilane blir gøymde. Når han seier at trafikken og parkeringa i Lom ikkje berre er eit juliproblem så har han heilt rett. På ein fredag eller laurdag midt på vinteren kan ein risikere å måtte leita etter ledig parkeringsplass på Bergom.

Utviding av kyrkjegarden.

Kyrkjegarden er tenkt utvida mellom eksisterande kyrkjegard og ny parkeringsplass. Eit argument mot både parkeringsplass og kyrkjegard der er matjorda. Realistisk sett må ein berre godta og innsjå at prestegardsjordvegen blir borte før eller seinare p.g.a. beliggenheita. Når det gjeld kyrkjegarden så finns det klart alternativ. Det eine er å utvida mot nord og aust, mot Bøvre. Det andre mot nord og vest, mot Utgard. Dersom kyrkjegarden skal utvidast mot ny parkeringsplass kan ingen av dei to eksisterande portane nyttast for bårebæring ned til ny kyrkjegard. Til det blir det altfor langt. Alternativet er å laga ein tredje port mot ny kyrkjegard frå den eksisterande. Vi ser for oss at Riksantikvaren vil ha eit ord med i laget om det. Utviding av kyrkjegarden er nemnt berre som ein «bisetning» i kommunedelplanen. Den må sjåast på som ein viktig del av heile planen, etter vår meining.

Offentleg toalett

Med den turisttrafikken som er på båe sider av Bøvra i turistsesongen er det nesten skamfullt at «nasjonalparklandsbyen» ikkje har offentleg toalett. Det eksisterande på Loarområdet held ikkje mål. Som Rolf Vegard Sandviken peikar på, så er det plassen der det gamle reinseanlegget ligg, som er den rette for eit toalettanlegg. Dettehar vore drøfta i Lom før og Riksantikvaren har gått imot, med det argumentet at det ville bli skjemma med omsyn til kyrkja. Faktum er at eit toalettanlegg der kunne bli nesten «usynleg», bygt på rette måten. Lom kommune må kunne «overprøva» Riksantikvaren i dette.

Prestegarden er ikkje nemnt i kommunedelplanen. Dette er vel fordi eigedomen ikkje tilhøyrer kommunen. Vi tykkjer at dei folkevalgte skal ta diskusjonen om Prestegarden, med stor driftsbygning som ikkje er i bruk og ein kan vel godt seia at den skjemmer og er unødvendig slik den står i dag. Stor ustelt hage høyrer også til. Den store prestegardshagen kan ta motet frå alle prestar dersom dei ikkje er interesserte i hagebruk. Spørsmålet er: Skal Prestegarden med driftsbygning og stor ubrukt hage stå der slik til alle tider, eller kan Lom kommune gjera noko med saka, i og med at Prestegarden ligg så sentralt til og femner over eit stort areal?

Egil Olav Nyrnes, Landsbyvakt, 17.10.2017

Det er viktig å knyte saman sentrum på begge sider av elva. Av den grunn er det viktig å behalde parkering for ein del privatbilar på Kyrkjevollen, og skjerme det området for større køyretøy. Turistbussar må få sitt parkeringsområde med toalettfasilitetar som alltid er tilgjengelege. Det bør leggest til rette for trailerparkering og bubilparkering på anna relativt sentrumsnært område. Tre berg er synlege på Bergom i dag, utanfor Nordal, ved Kiwi og ved Bakeriet. Desse er kulturminne frå istida og dei er viktige for identiteten til Bergom, og må takast vare på.

Arnt Rune Vole, 17.10.2017

Å flytte bussterminalen på kyrkjevollen, Loar-området, blir for langt frå sentrum for at det skal fungere. Både toalett og venterom kan da tvinge seg fram om terminalen blir flytta. Nå fungerer det på et vis da Best og andre delvis fungerer som venterom og toalett. Nærleik til sentrum er viktig.

Berit og Thor Anders Hagen, Skjæsar, 18.10.2017

Viser til tidlegare merknad ved 1. gongs høyring og ber om at område BNF 1 (utviding av industriområde mellom Åsjo og Ottavassdraget) blir teke ut av planframlegget med same

grunngeving som tidlegare. Dette er det siste området som Skjæsar har for framtidig utviding av jordbruksarealet nord for RV 15. Tidlegare har freding av Åsjo, bandlegging av framtidig vegtrase samt tidlegare utviding av industriområdet medført at nesten alt areal nord for riksvegen er regulert bort frå et framtidig inntektsgrunnlag for Skjæsar. Viser vidare til 1. gongs høyring der Fylkesmannen og administrasjonssjefen i kommunen foreslo at dette området blir teke ut av planen.

Lom heimbygdslag v/ Gaute Helland, 27.10.2017 (utsatt frist)

Lom heimbygdslag ser det som lite ynskjeleg å forstyrre det frie området mellom Ny- prestegarden, Gamle Loar prestegard (Steinfjoset, Loarbygningen, Dregjestugu) og Lomskyrkja. Lomskyrkja har vore eit landemerke i snart 1000 år, og landskapet rundt bør skiplast minst mogleg. Det aktuelle jordet er svært gamal kulturjord, i god hevd. Her har det vore dyrka bygg, rug, kanskje kveite, og gras, både under katolske og protestantiske prestar. Fjordingsmartnaden er her etter fyrsteslåtten.

Storparten av kyrkjegardsmuren er gamal og som mellomalderbyggverk automatisk freda. Når det gjeld ei nødvendig utviding av kyrkjegarden, lyt ein fyrst og fremst tenkje på den kyrkjelege handlinga som ei gravferd er. Det er ikkje vurdert i planframlegget, og kan vel heller ikkje bli vurdert, å ta hol på kyrkjegardsmuren med ein tredje port. Gravferdsfylgjet lyt derfor gå gjennom den gamle porten for å koma til det planlagde gravfeltet. Dette vil føre til ei uheldig eksponering sommarstid, og vil vera både kjenslemessig og fysisk krevjande for dei pårørande. Den beste løysinga vil derfor vera ei utviding mot nord utanfor muren, slik at ein kan nytte porten mot Skjåk. Der er det og areal som kan nyttast, og gravferda vil vera skjerma. Dette vil heller ikkje vera i strid med omsyn til mellomalderhistoria og kulturlandskapet.

Ved å ta den gamle prestegardjorda i bruk som parkeringsplass for bilar, turistbussar og rutebussar lyt ein rekne med å byggje leskur med ljøs, kanskje og venterom, for dei som skal ta bussen. Det er mange rutebussar som stoppar i Lom, både om dagen og på natta. Dette vil virke inn på kyrkjegardsfreden. Lom heimbygdslag ynskjer ikkje busstasjon på Prestgardjordet. Den planlagde oppstillings- og parkeringsplassen på Prestgardsjordet kan fort bli for liten. Det vil og bli innsyn frå bussar og frå parkeringsplassen mot den planlagde ny-kyrkjegarden. Parkering og trafikk vil i stor grad dominere den frie trekanten Ny-prestegarden, Gamle Loar og Lomskyrkja.

Kommentar til «Vannlinjeberegninger nedre del av Bøvra»: Det er registrert gamle forbyggingar av Bøvra på sida mot Lom stavkyrkje.

Lom kyrkjelege råd, 03.11.2017 (utsatt frist)

Kyrkja har ytra ynskje om at det vert sett av plass til utviding av kyrkjegard i arealdelen i kommuneplan for Lom, Fossbergom.

Det var ei synfaring med representantar frå Fylkeskommunen og Riksantikvaren som kyrkjevevja var med på saman med planrepresentantar frå kommunen. Utviding av kyrkjegarden var tema og fleire område vart drøfta. Konklusjonen vart eit område nord/aust for nåverande kyrkjegard. Etter meir grundig gjennomgang kjem dette området i konflikt med vassverket til Lom kommune.

Vi ynskjer då at arealet som i planprosessen vart sett på, Prestegardsjordet blir ca 2 mål sett av til kyrkjegard. Det vi treng denne utviding til, er eit område sett av til andre trussamfunn i tillegg til vanlege gravplassar Kyrkjegarden vi har tek til å bli full.

Opparbeiding av kyrkjegard tar lang tid, og bør ligge i nærleiken av kyrkja.